



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57643148
E-post: fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
05.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/2676 - 461.3
Dykkar referanse

Chainco Base AS
c/o Progresso AS Postboks 454
6903 FLORØ

Bakgrunn for og forklaring til utsleppsløyve for mellomlagring og handtering av avfall og ureina massar på Tretteskjervika i Bremanger kommune - Chainco Base AS og Bossmann Eiendom AS - gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til mellomlagring og handtering av avfall og ureina massar ved Tretteskjervika på eigedomane til Chainco Base AS og Bossmann Eiendom AS.

Løyvet med tilhøyrande vilkår vert send saman med denne oversendinga. Dokumenta må sjåast i samanheng. Dette dokumentet gir bakgrunn for saka, grunngjeving for vedtak og nærare tolkingsgrunnlag for dei juridiske vilkåra (rang som lovtøkt for verksemda) i løyvedokumentet.

Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemdene vil få betalingskrav i etterkant.

Vi viser til søknad frå iVest Consult dagsett 19.6.2015 om løyve til mellomlagring og handtering av avfall og ureina massar etter ureiningslova.

Fylkesmannen har avgjort å gje utsleppsløyve etter ureiningsregelverket til verksemdene.

Løyvedokumentet er skriva ut som to ulike vedtak, eitt for kvart av dei involverte firma. Vedtaket vert sendt ut som to skriv: Dette oversendingsbrevet og løyvedokumentet. Oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og søknadsprosessen, og er stila til begge firma. Det gir nærare grunngjeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærare krav i enkelte av vilkåra. I vedlagte skriv (løyvedokumentet) gir Fylkesmannen utsleppskonesjon (utsleppsløyve) på omtalt stad og for nærare avgrensa aktivitet til kvart firma. Løyvedokumenta er elles like i utforming og innhald.

Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumenta er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemdene må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatta ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Saksframstilling

Chainco Base AS (tidlegare Bossmann AS) og Bossmann Eiendom AS har overteke eigedom som har vore nytta av Bremanger kommune til mellom anna avfallshandtering. På området har det mellom anna vore etablert ei søppelsjakt der avfall vart dumpa på fjorden gjennom røyr ned i sjøen til nokre meters djup. Sjølve sjakta – eller delar av den skal etter det vi er kjend med framleis liggje på sjøbotnen utafor dumpestaden. Seinare vart det etablert omn for brenning av avfall på staden. Det er noko ukjent korleis oske og uforbrent avfall vart disponert. Noko kan ha vore ført til sjø, noko er truleg lagt på Slenesvika – som vart nytta som uregulert "grovavfallsplass" fram til om lag 1991. Delar av avfallsrestane kan også vere disponert på staden, og det er tidlegare antyda at deponeringa/brenninga kan ha halde på fram til om lag 1994. Eventuell bruk av området for avfallsføremål fram til noverande eigarar overtok er ikkje kjend. Arealet det no er påvist avfall og ureina masse i er ikkje registrert korrekt i databasen Grunnforurensning.

Grunneigarane i aktuelt område har noko uforskuldt kome over nedgrave avfall og ureina grunn under tiltak på eigedomane. Tidlegare eigar/disponerar av grunnen har drive med uregulert og dels ulovleg avfallshandsaming på staden. Det synest vidare å vere klart at Bremanger kommune skulle ha registrert området i databasen Grunnforurensning (<http://grunn.miljodirektoratet.no/>) og at alle opplysningar skulle ha vore tilgjengeleg seinast ved eigarskifte. Kommunen har vidare pliktar etter kap. 2 i ureiningsforskrifta når nedgrave avfall / ureina grunn vert oppdaga. Arbeidet skulle vore stoppa straks og krav og oppfølging etter ureiningsforskrifta skulle vore sett igang. Når det var klart at ureina masse / avfall måtte mellomlagrast på annan eigedom, skulle Fylkesmannen straks ha vorte varsla og søknad om mellomlagringsløyve skulle ha vore sendt. Sidan det også ein stund var tale om ønske om disponering annan stad (utanom avfallssystemet) skulle Miljødirektoratet ha vore involvert.

Dei første analysane av massane er vidare ikkje gjennomført i samsvar med regelverket om ureina grunn. Massane skulle vore prøvetatt der dei låg og ingen oppgraving skulle ha skjedd etter påvising av nedgrave avfall / ureina grunn. Prøver av massane er såleis tekne på samanblanda massar og tal analyser er mykje for låge. Når ein av analysane viser mellom anna høge sinkverdiar og blyverdiar langt over tilstandsklasse 5 (tilstandsklassar er definert og omtalt i TA-2553/2009), er det dokumentert at massane er farleg avfall, og at tiltakshavar har handtert farleg avfall utan nødvendig godkjenning frå statleg ureiningsstyresmakt. Dette er vurdert som alvorleg brot på ureiningslova. Denne avgjerda er likevel meint å gjere lovleg vidare handsaming utan å ta stilling til tidligare lovbrøt.

Det har også vore kompliserande forhold i saka at partane i første omgang har fått feil vurdering av innhald i massane. Dette er retta i etterkant og partane har – så langt Fylkesmannen har vurdert i tida etter våren 2014, handtert saka på god måte.

Søkjarane ber no om løyve til å kunne lagre dei oppgravne massane iblanda ikkje-fråsortert avfall på gbnr. 40/10, 40/6 og 40/11. Massane er allereie fråsortert det meste av praktisk handterbart avfall. Massane er vidare sikta slik at finmassar som inneheld farlege stoff kan lagrast for seg, massar med større partiklar er fråsortert og kan nyttast som reine massar, og massar som inneheld farlege stoff i tilstandsklasse

II til IV er lagra for seg. Det er ønskeleg at dei lettare ureina massane kan nyttast i området.

Av di saka etter vårt syn hastar å få avgjort no, at den har ligge lokalt i lengre tid, at det er viktig å få på plass grunnlaget for vidare handtering og økonomisk oppgjer mellom partane, at partane er godt kjend med saka og at vårt vedtak ikkje vil føre til vesentleg auka ureiningsfare, vil vi avgjere søknaden utan vidare førehandskunnjing.

Avgjerda vil på vanleg måte verte kunngjort i etterkant og partane eller andre med rettsleg klageinteresse kan då klage på vårt vedtak.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Vi har også vurdert dei samla ureiningsmessige følgjene vidare disponering av massane kan ha, og sett nærare krav. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar.

Løyvet omfattar lagring av ureina masse iblanda mindre mengder avfall før massane skal slutthandterast av godkjent avfallsselskap. Vidare omtalar løyvet lagring av lettare ureina masse, og vi har godkjent nyttiggjering av desse massane i området ved å vurdere tiltaksområdet under eitt uavhengig av spesifikke tomtegrenser. Fråsikta massar som i løyveskrivet vert vurdert å vere reine massar (som berre omfattar masse med partiklarer med større diameter enn 25 mm), er ikkje omfatta av krav i løyvet, og tiltakshavar kan nytte / omsett denne delen fritt. Med "fritt" meiner vi disponering i samsvar med plan-regelverket og eventuelt kap. 4 i ureiningsforskrifta (om planeringsfelt).

Merk at fråsikta, ureina masse i tilstandsklasse 5 eller høgare (farleg avfall) skal leverast til godkjent avfallsdeponi. Denne massen er tidlegare ulovleg handtert og samanblanda. Det kan vere at nye analysar av massane gir nye gjennomsnittsverdiar av enkelte ureinande stoff som kan vere både over og under grensa for farleg avfall. Fylkesmannen slår med dette fast at slik handtering har vore ulovleg handtering (samanblanding av farleg avfall og ordinært avfall) etter kap. 11 i avfallsforskrifta, og at eventuelt nye analysar som kan vise gjennomsnittsverdiar lågare enn klasse 5 viser at det har skjedd ei fortykning av dei farlege stoffa som tidlegare er påvist i delar av massane. All denne massen må difor handterast vidare som farleg avfall.

Partane må vidare merke seg at dersom ein ønskjer å disponere påvist ureina masse i tilstandsklasse II, III eller IV utanom omtalt område i Tretteskjervika, må dette avklarast med Miljødirektoratet. Til orientering er Miljødirektoratet svært restriktiv til slik disponering, og det vert ikkje tilrådd å starte slik prosess.

Vi vil streke under at all ureining frå og innsyn til lagringa frå offentleg område isolert sett er uønskt. Faktorane som vi vurderer har størst innverknad på miljøet, er regulerte gjennom dei spesifikke vilkåra. Utslepp som ikkje er regulert på denne

måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast som kjende på anna måte då vedtaket vart gjort. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er ikkje gjentekne i det vedlagte løyve. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovtæksten ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerpning. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei lang rad verksemdar i Norge.

Plassering i risikoklasse i samsvar med § 39-6 gir uttrykk for risikoen vi vurderer lagringa kan utgjere i tida den er gjort lovleg. Det vil vidare seie at verksemda kan vente 1 – 2 rutinekontrollar under lagringstida. Kontrollane er underlagt gebyrkrav og kostnaden (gebyr til staten) for kontroll som varar inntil ein dag går fram av § 39-6 i ureiningsforskrifta. Satsane kan verte endra årleg. I tillegg må verksemda rekne med kontroll etter ulukke, hendingar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet eller i samband med nasjonalt koordinerte kontrollaksjonar.

Nærmiljøet skal vere sikra mot ulemper. Nokre typiske sikringstiltak er vern mot innsyn så langt råd, tiltak mot eventuell støving, avrenning til grunn og vatn og tiltak mot etablering av framande, skadelege artar.

Oppgravinga og handteringa har ført til auka utslepp til eller fare for auka utslepp til Nordgulen. Likevel har strandsona i mange år vore utsett for lekkasje gjennom grunnen til fjorden. Oppgraving og fjerning av masse med høgast påvist ureining vil på noko sikt vesentleg redusere ureiningsfaren til sjøen. Vi vurderer at vidare lagring på land i nokre år vil medføre totalt sett ein akseptabel fare for utslepp. Forholda for vassførekomsten vil på noko sikt verte betre eller verte utsett for mindre risiko for utslepp.

Fylkesmannen vurderer at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av utsleppa – med dei vilkåra som er sette, vil vere akseptable.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold vurderer Fylkesmannen at lagingsløyvet med dei tilhøyrande vilkåra som omtalt i løyvedokumentet kan gjevast. Fylkesmannen vil føre eit risikobasert tilsyn med lagringa.

Løyvedokumentet vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftverket, eller som er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Varsel om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi viser til orientering til partane om gebyrplikt i 2014. De får med dette formelt varsel om at gebyret etter vurdering av medgått ressursbruk vert sett til lågaste sats (sats 4 i § 39-4 i ureiningsforskrifta). Det vil seie at søkjar må betale kr. 21 000,- til staten for vår handtering av søknaden.

De kan kome med merknadar til varsel om gebyr innan 3 veker frå dette varselet. Dersom vi ikkje mottek merknad, vil vi vedta gebyret på kr. 21 000,- ved oversending til Miljødirektoratet som vil førestå den praktiske innkrevjinga til statskassa. Til vanleg får de 30 dagars betalingsfrist på slikt krav.

Som praktisk innretting av gebyrkravet vil vi be Bossmann Eiendom AS om å betale inn gebyret på vegner av begge søkjarane, og at partane må avgjere seg imellom eventuell fordeling av kostnadane.

Jamvel om denne saka handlar om to likelydande vedtak, vil vi berre krevje inn eitt gebyr (til saman kr. 21 000,-) for vår sakshandsaming. Det har komplisert den formelle handteringa noko, men ikkje slik at vi finn grunn til å krevje inn gebyr for handsaming av to løyve.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket**Endring eller tilbakekalling av løyvet**

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemnda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemnda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

At ureininga er tilleten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, t.d. arbeidsmiljø-, helse- og brannvernreglar.

Klagerett

Vedtaket - også plasseringa i risikoklasse, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykkar rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernshjef

Grete Haugan
senioringeniør

Sendt saman med dette brevet: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi til: Bremanger kommune via EDU
 Miljødirektoratet, epost
 iVest Consult, epost



Løyve etter ureiningslova for mellomlagring og handtering av avfall og ureina massar på Tretteskjervika i Bremanger kommune Chainco Base AS

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16, § 29 og § 11-6 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 19.6.2015, og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Verksemddata

Verksemd	Chainco Base AS (tidlegare Bossmann AS)		
Adresse, poststad Besøksadresse	c/o Progresso AS Postboks 454, 6903 Florø Birkelia, 6723 Svelgen		
Kommune og fylke	Bremanger i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr.	40/10	UTM midtpunkt (sone 32)	N: 6853322 Ø: 298396
Org. nummer (føretak/eigd av)	879161452	Org.nr. (verksemd)	999347142
NACE-kode	43.390 Annen ferdiggjøring av bygninger		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Aktivitet	Løyvenummer	Risikoklasse ¹
14/2676	1438.0091.01	Annen aktivitet	2015.0682.T	3

Løyve gitt: 05.10.2015	Endringsnummer:	Denne endringa:
Gøsta Hagenlund Ass. fylkesmiljøvernssjef	Grete Haugan senioringeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

¹ Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova.

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilråa er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilråa står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlninga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom massane vert vurdert flytta til andre areal enn avgrensa i dette løyvet, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar, attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

Ombruk, nyttiggjering eller annan bruk av massar som kan karakteriserast som reine massar (under normverdi i vedlegg 1 i kap. 2 i ureiningsforskrifta) er ikkje omfatta av dette løyvet.

1. Rammer

Løyvet gjeld ureining og ulempe som følgje av mellomlagring og handtering (sortering, sikting, knusing) frå oppgravne og deponerte ureina masse og avfall ved Tretteskjervik-området i Bremanger.

Mengd avfall og ureina masse er avgrensa til 3 000 m³.

Det er ikkje tillate å ta imot ureina masse eller avfall frå andre område enn dei som er avgrensa i dette løyvet.

2. Generelle krav

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Verksemda pliktar å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege og uforholdsmessige kostnader. For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet.

2.3. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Handtering av avfall og ureina masse skal skje innafor rammene i dette løyvet og i samsvar med vedtekte miljøakseptkriteria. Kriteria må vere utarbeidd på grunnlag av ein miljørisikoanalyse². Analysen skal omtale alle forhold ved lagring og handtering

² Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra handtering skal analysen oppdaterast.

Verksemda sin internkontroll³ for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregulverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift.

Eventuelle klagar på lagring/handtering frå andre skal loggførast, tiltak vurderast og melding må sendast til Fylkesmannen.

2.4. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere⁴ Fylkesmannen og nabolag

- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at støv eller nedfall av støv i omgjevnadane er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

2.5. Nærmiljø

Verksemda skal ha driftsrutinar som sikrar at ulemper frå utslepp til vatn og luft, støv, støv, framande plantar med meir, vert reduserte til eit minimum.

Verksemda må vere merksam på, og bidra til å hindre etablering av framande, skadelege artar. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH skal ikkje finnast på verksemdområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

Verksemda sine bidrag til støv til støvfølsame bygningar og areal skal reduserast så langt råd.

Utslepp av støv skal haldast lågast råd. Ved synleg støving skal det vurderast å setje i gang støvdempande tiltak eller aktiviteten skal utsetjast.

³ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

⁴ Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

3. Handtering av avfall og ureina massar

3.1. Analysering og tilstandsklassifisering

Massane skal vere analysert og tilstandsklassifisert i samsvar med helsebaserte tilstandsklassar for ureina grunn (TA-2553/2009). Ved behov for ytterlegare oppgraving av mogleg ureina masse på staden skal massane tilstandsklassifiserast før oppgraving kan gjennomførast.

3.2. Handtering

Massane er i dag oppgravne, og vert lagra i to haugar på eigedommane. Dei oppgravne massane skal sorterast og handterast slik:

Haug 1

Haugen inneheld to fraksjonar

- Masse som inneheld farleg stoff/avfall i konsentrasjonar over tilstandsklasse 5 i TA-2553/2009. Desse er klassifisert som farleg avfall.
Dei ureina massane skal leverast til / hentast av avfallsfirma godkjent av Fylkesmannen eller Miljødirektoratet, innan **31.12.2018**. Massane skal sluttdisponerast som farleg avfall. Før dei vert levert til godkjent mottakar må massane lagrast på duk/presenning. Andre sikringstiltak må også gjennomførast dersom det er naudsynt for å hindre spreiding av ureining.
- Reine massar som ikkje inneheld farleg stoff i konsentrasjonar over normverdi etter TA-2553/2009. Som reine massar reknast fråsikta stein større enn 25 mm som minste omkrins.
Fråsikta stein større enn 25 mm kan disponerast fritt.

Haug 2

- Masse som inneheld farleg stoff/avfall over normverdi og i konsentrasjonar svarande til tilstandsklasse 2 i TA-2553/2009
Ureina masse i tilstandsklasse 2 kan sluttdisponerast / nyttiggjerast på staden innafor nemnde gards- og bruksnummer og innafor arealbruk for industri- / næringsføremål godkjent av Bremanger kommune.

Avfall skal sorterast frå massane så langt det let seg gjere praktisk, men utan at dette fører til urimeleg tidsbruk eller kostnadar med sorteringa. Fråsortert avfall skal leverast til / hentast av avfallsfirma godkjent av Fylkesmannen.

All ureina masse må lagrast slik at ureining ikkje vert spreidd og at massane / avfallet ikkje verkar skjemma for innsyn. Fråsorterte, reine massar bør ikkje lagrast saman med ureina massar eller avfall. Dersom det oppstår behov for mellomlagring andre stader på eigedomane eller på andre eigedomar, skal den ansvarlege ha skriftleg løyve frå Fylkesmannen på førehand.

4. Rapportering og informasjon

Verksemda skal sende sluttrapport til Fylkesmannen etter at alt avfall og ureina masse i tilstandsklasse 5 eller meir er levert / henta. Fylkesmannen skal kunne gjennomføre sluttkontroll på staden før saka vert avslutta.

Rapportering bør minst innehalde:

- Utrekna eller målt mengd (kubikkmeter og/eller tonn) av ureina masse fordelt på tilstandsklassar,
- dokumentasjon på levert mengd ureina masse og avfall,
- dokumentasjon på lokal disponering av ureina masse,
- kort gjennomgang av tiltaka,
- eventuelle uføresette problem (i høve til ytre miljø), eventuelle klagar eller spørsmål frå andre,
- eigen evaluering av tiltak og prosess.

5. Større endringar

5.1. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen.

5.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom verksemda vert nedlagt, skal løyvehavar melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemma, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall og ureina masse. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

VEDLEGG 1 - Definisjonar

Lagring er eit uttrykk for tidsavgrensa og forsvarleg lagring før avfallet vert levert til sluttbehandling eller nyttiggjering.

Tilstandsklasse for ureina grunn er nærare omtalt i TA-2553 frå 2009 om "Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn".

Med **framande artar** legg vi her til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial." Dei omtalte risikokategoriane er SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no.